

PILAR 3

VOSS SPAREBANK

Rekneskapsår	2025
Vedtatt av styret	18.06.2026

INNHALD

Innleiing	3
Erklæringar	3
Nøkkeltal.....	4
Mål og retningslinjer for risikostyring.....	5
Overordna styring og kontroll av risiko.....	5
Styring og kontroll av enkeltrisikoar	6
Godtgjerslepolitikk.....	6
Beslutningsprosess og sammensetjing.....	6
Kvantitative opplysningar om godtgjersle	7

INNLEIING

Dette dokumentet er utarbeidd for å supplera årsrapporten med opplysningar som skal offentleggjerast med heimel i åttande del av kapitalkravsforordninga (CRR).

Finanstilsynet har vurdert at Voss Sparebank skal kategoriserast som eit mindre og ikkje-komplekst føretak. Banken har ikkje utferda eigenkapitalbevis, og skal offentleggjera informasjon på årleg basis.

Mindre og ikkje-komplekse føretak skal offentleggjera informasjon etter krava i CRR artikkel 433b, som er fylgjande opplysningar:

- Nøkkeltal etter artikkel 447
- Berekraftsrisikoar etter artikkel 449a

I tilfelle der opplysningar ikkje er gitt i dette dokumentet, vert det vist til bankens årsrapport.

Opplysningar som gjeld kapitaldekning er gitt på konsolidert nivå. Banken konsoliderer eigardelane i Verd Boligkreditt AS (1,01 prosent) og Brage Finans AS (2,17 prosent) for kapitaldekningsføremål. Eignelutane inngår i samarbeidande grupper der det er krav til forholdsmessig konsolidering. Andre opplysningar gjeld for Voss Sparebank åleine.

Pilar 3-rapportar samt års- og kvartalsrapportar vert publisert på heimesida til banken fortløpande. Alle beløp i dokumentet er i heile tusen kroner per 31. desember 2025, med mindre noko anna er presisert.

ERKLÆRINGAR

Styret i Voss Sparebank stiller seg bak dei skildringane som er gitt i dette dokumentet og årsrapport for 2025 om risikostyring og risikoprofil, og gir difor fylgjande erklæringar:

Risikostyringa

Risikostyringa i banken er effektiv og passande sett ut frå banken sin storleik, forretningsmodell og forretningsområde. Risikostyringssystema er tilstrekkelege i forhold til vedteken risikoappettitt, risikoprofil og strategi.

Risikoprofil

Voss Sparebank er ein lokal sparebank med primærmarknaden sin i Voss herad og nærliggjande område. Banken har som strategisk hovudmål å vera ein lønsam og sjølvstendig sparebank. Risikoeksponeringane til banken skal sikra ei sunn og langsiktig avkastning utan at banken vert utsett for risiko som trugar eksistensen verken på kort- eller lang sikt. Banken har hovudvekt på finansiering, sparing og betalingstenester til person- og bedriftsmarknaden. Sjølv om verksemda til Voss Sparebank medfører at banken er eksponert mot ei rekkje risikoar, vurderer styret den samla risikoeksponeringa til banken som låg/moderat, og innanfor risikotoleransen.

Styret har vedteke prinsipp for risikostyringa gjennom ulike styringsdokument. Forretningsmodellen er innretta mot å ta kalkulert kredittrisiko, samtidig som andre risikoar i verksemda vert avgrensa til eit forsvarleg nivå gjennom tydelege rammer for plasseringar og finansieringsstruktur. Bankar ynskjer å minimera operasjonell risiko gjennom gode prosessar og kontrollrutinar. Risikotilhøva vert overvaka ved analysar av aktuelle risikoar, med månadleg og kvartalsvis rapportering til styret. Bankens overordna risikoprofil er for alle risikotypar på linje med eller lågare enn den vedtekte risikotoleransen styret har vedteke.

NØKKELTAL

Tabell 1: Nøkkeltal Voss Sparebank, konsolidert nivå

EU KM1	Konsolidert nivå	a	e
		31.12.2025	31.12.2024
	Tilgjengelig egenkapital (beløp)		
1	Rein kjernekapital	1 222 159	1 118 978
2	Kjernekapital	1 223 466	1 131 237
3	Total kapital	1 237 984	1 144 446
	Risikovekta eksponeringsbeløp		
4	Sum risikovekta eksponeringsbeløp	3 551 298	3 686 759
	Kapitaldekning (i prosent av risikovekta eksponeringsbeløp)		
5	Rein kjernekapitaldekning (%)	34,4 %	30,4 %
6	Kjernekapitaldekning (%)	34,5 %	30,7 %
7	Kapitaldekning (%)	34,9 %	31,0 %
	Tilleggskrav til ansvarleg kapital for å handtera andre risikoar enn risikoen for overdriven gjeldsoppbygging (i prosent av risikovekta eksponeringsbeløp)		
EU 7a	Tilleggskrav til ansvarleg kapital for å handtera andre risikoar enn risikoen for overdriven gjeldsoppbygging (%)	2,3 %	2,3 %
EU 7b	: skal bestå av rein kjernekapital (prosentpoeng)	1,3 %	1,3 %
EU 7c	: skal bestå av kjernekapital (prosentpoeng)	1,7 %	1,7 %
EU 7d	Samla SREP-krav til ansvarleg kapital (%)	10,3 %	10,3 %
	Kombinert bufferkrav (i prosent av risikovekta eksponeringsbeløp)		
8	Bevaringsbuffer (%)	2,5 %	2,5 %
EU 8a	Bevaringsbuffer som følgje av makro- eller systemrisiko fastsett av ein medlemsstat (%)	-	-
9	Føretaksspesifikk motsyklisk kapitalbuffer (%)	2,5 %	2,5 %
EU 9a	Systemrisikobuffer (%)	4,5 %	4,5 %
10	Global systemviktigheitsbuffer (%)	-	-
EU 10a	Systemviktigheitsbuffer (%)	-	-
11	Kombinert bufferkrav (%)	9,5 %	9,5 %
EU 11a	Samla kapitalkrav (%)	19,8 %	19,8 %
12	Tilgjengelig rein kjernekapital (CET1) etter oppfylling av samla SREP-krav til ansvarleg kapital (%)	29,9 %	25,9 %
	Uvekta kjernekapitalandel		
13	Sum eksponeringsmål	7 988 191	7 399 145
14	Uvekta kjernekapitalandel (%)	15,3 %	15,3 %
	Tilleggskrav til ansvarleg kapital for å handtera risikoen for overdriven gjeldsoppbygging (i prosent av risikovekta eksponeringsbeløp)		
EU 14a	Tilleggskrav til ansvarleg kapital for å handtera risikoen for overdriven gjeldsoppbygging (%)	-	-
EU 14b	: skal bestå av rein kjernekapital (prosentpoeng)	-	-
EU 14c	Samla SREP-krav til uvekta kjernekapitalandel (%)	3,0 %	3,0 %
	Bufferkrav til uvekta kjernekapitalandel og samla krav til uvekta kjernekapitalandel (i prosent av det samla eksponeringsmålet)		
EU 14d	Bufferkrav til uvekta kjernekapitalandel (%)		
EU 14e	Samlet krav til uvektakjernekapitalandel (%)	3,0 %	3,0 %
	Likviditetsreserve		
15	Sum likvide midler av høg kvalitet (HQLA) (vekta verdi – gjennomsnitt)	707 780	743 925
EU 16a	Utbetalingar – sum vekta verdi	336 193	295 732
EU 16b	Innbetalingar – sum vekta verdi	140 837	107 538
16	Sum netto utbetalingar (justert verdi)	195 356	188 194
17	Likviditetsreserve (LCR) (%)	366 %	395 %
	Net Stable Funding Ratio		
18	Sum tilgjengelig stabil finansiering	6 215 080	5 720 520
19	Sum nødvendig stabil finansiering	4 450 401	4 060 942
20	NSFR (%)	139,7 %	140,9 %

Tabell 2: Eigarinteresser i bustadkredittføretak

EIGARINTERESSER I BUSTADKREDITTFØRETAK

Offenteleggjering etter Finansforetaksforskriften §11-10

			Beløp i tusen eller %
a	Overføringsgrad: Samla portefølje overført og formidla til Verd boligkreditt AS i prosent av samla utlån til personmarknad på bankens balanse + overført bustadkreditt		6,6 %
b	Gjennomsnittlig belåningsgrad for lån overført til kredittføretaket		36,8 %
c	Overpantsettelsesgrad i sikkerhetsmassen		118,9 %
d	Tellende sikkerhetsmasse andel av sikkerhetsmasse totalt		99,2 %
e	Trukke og ubenyttede engasjementbeløp ovanfor kredittføretaket	Likviditetsfasiliteter	Ikkje aktuelt
		Garantiar	Ikkje aktuelt
		Trekkrettar	Ikkje aktuelt
f	Bokførte verdier i kredittforetaket	OMF	30 742 709
		Aksjar	1 904 895
		Fondsobligasjonar	200 131
		Ansvarleg lånekapital	265 147
		Anna usikra finansiering (selgerkreditt)	3 454 400
g	Andre forpliktelser overfor kredittforetaket som følge av aksjonærvtaler og lignende		*

* Banken pliktar å tilføra kredittføretaket nødvendig ansvarleg kapital (EK, T1 & T2) for å tilfredsstilla gjeldande kapitalkrav, tilsvarande sin eigarandel i føretaket.

MÅL OG RETNINGSLINJER FOR RISIKOSTYRING

OVERORDNA STYRING OG KONTROLL AV RISIKO

God risiko- og kapitalstyring er eit av dei mest sentrale verkemidlane i verdiskapinga til banken. Styret i Voss Sparebank har ei målsetjing om at bankens risikoprofil skal vera låg til moderat.

Banken har etablert risikostrategiar for kvart område med konkretiserte styringsmål og rammer for dei enkelte risikoområda. Relevante måltal vert rapportert til styret månadleg og/eller kvartalsvis.

Risikostrategiane vert revurdert minst årleg. I samband med internkontrollprosessen vert alle delar av banken si verksemd gjennomgått. Med utgangspunkt i risikoen knytt til den enkelte del av verksemda, vert det iverksett nødvendige kontrolltiltak for å gi rimeleg sikkerheit for at arbeidsprosessar og rutinar vert utført innanfor ein akseptabel risiko.

Styringsmål og rammer som er nedfelt i risikostrategiane skal bidra til å sikra lønsemd både på kort og lang sikt. Føremålet er å unngå for store risikokonsentrasjonar som ved ei ugunstig utvikling kan bidra til å truga bankens lønsemd, likviditet og soliditet.

RISIKOKULTUR

Ein sunn og konsistent risikokultur er grunnmuren i bankens risikostyring. Risikokulturen påverkar avgjerslene til leiing og tilsette i det daglege arbeidet og er av vesentleg betydning for den risikoen dei påfører banken.

Banken legg vekt på å byggja ein risikokultur som gjer den enkelte tilsett i stand til å gjera forsvarlege og informerte avgjersler. Risikokulturen skal vera ein integrert del av ulike vedtaksnivå, og skal vera basert på god og heilskapleg forståing av risikoane ein møter på.

Risikokulturen skal og sikra at aller forretningsområde involverer risikostyringsfunksjonen rutinar ved innføring av nye produkt og vesentlege endringar.

ORGANISERING OG ANSVAR

Styret er vald av generalforsamlinga, og har det overordna ansvaret for strategiplanane, under dette å fastsetja overordna rammer og retningslinjer for risikostyringa. Styret skal sjå til at banken har god internkontroll for å oppfylla dei krava som gjeld for verksemda. Inn under dette kjem òg verdigrunnlag og etiske retningslinjer.

Styret har ansvaret for å sikra at banken er tilstrekkeleg kapitalisert ut frå regulatoriske krav, samt å sjå til at banken har ein soliditet og likviditet som er tilstrekkeleg ut frå ønska risiko.

Styret har vidare ansvaret for å fastsetja beredskaps- og kontinuitetsplanar for å sikra at drifta kan vidareførast ved vesentlege uforutsette hendingar.

Styret har valt to av medlemane til risikoutval som førebuaende utval for styret i samband med risikotoleranse og risikostrategi, vurdering av kvartalsvise risikorapportar og årleg ICAAP-rapport. Heile styret fungerer som revisjonsutval.

Adm. banksjef har ansvaret for den overordna risikostyringa, at det vert implementert effektive risikostyringssystem, risikostrategiar og at risikoeksponeringa vert overvaka.

Fyrstelinje/avdelingsleiarar har ansvaret for risikostyring og internkontroll innanfor sine ansvarsområde i samsvar med banken sin risikostrategi.

Leiar risikostyring og etterleving er ein uavhengig andrelinjefunksjon som har ansvar for kontroll av risiko og risikostyring for alle risikoområde, inkl. risiko for at banken ikkje oppfyller plikter etter lov og forskrift. Funksjonen rapporterer direkte til styret, og kan ikkje avsetjast utan samtykke frå dette.

Eksternrevisor etterprøver om rutinar og retningslinjer blir etterlevd og utarbeider årleg ei uavhengig stadfesting på banken sin ICAAP-dokumentasjon og internkontroll. Voss Sparebank har ikkje internrevisjon.

STYRING OG KONTROLL AV ENKELTRISIKOAR

Det vert vist til følgjande notar i bankens årsrapport for 2025:

Note 4 - Styring av risiko (inkluderer berekraftsrisiko)

Note 5 - Kredittrisiko

Note 14 - Likviditetsrisiko

Note 20 - Valutarisiko

Note 22 – Renterisiko

GODTGJERSLEPOLITIKK

BESLUTNINGSPROSESS OG SAMMENSETJING

Alle arbeidstakarane, unnateke øvste leiinga, er omfatta av tariffverket innan finanssektoren. Voss Sparebank har ikkje individuell bonus, men innførte i 2014 kollektiv og lik bonusutbetaling til alle tilsette i høve stillingsprosent.

Adm. banksjef er ikkje inkludert i denne ordninga, og har ikkje bonusordning i det heile. Sum bonus er avhengig av oppnådde målsetjingar. Samla bonusutbetaling for året 2025 kom på om lag 1,00 mill. kroner, tilsvarande 40.000 kroner per årsverk. Etter gjeldande forskrift er styret godtgjersleutvalet til banken.

KVANTITATIVE OPPLYSNINGAR OM GODTGJERSLE

Det vert vist til følgjande note i bankens årsrapport for 2025:

Note 25 – Godtgjersle til tillitsvalde og leiande tilsette

Garantert variabel godtgjering og særskilte utbetalinger

Det er ikkje føreteke særskilte utbetalinger i samband med nyttilsetjingar, sluttgodtgjerlse eller tildelt garantert variabel godtgjersle i 2025.

Utsett godtgjering

Banken har ikkje uteståande godtgjering utover det som følgjer av den generelle bonusordninga til alle tilsette.

Godtgjering over 1 million euro

Ingen personar i banken har godtgjering på over 1 million euro.